



Helse- og omsorgsdepartementet

Vår ref.:
11/13925

Saksbeh.:
KF

Ark.:
G00

Dykkar ref.:

Dato:
30.09.2011

SAMHANDLINGSREFORMA - HØYRINGSUTTALE TIL FORSKRIFTSENDRINGAR FRÅ SULA KOMMUNE

Sula kommunestyre handsama høringsnotat om føreslegne forskriftsendringar og nye forskrifter som følge av Prop. 91 L 2010 – 2011) Lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Kommunestyret vedtaok samrøystes følgande høyringsuttale:

”K-047/11 Vedtak:

Sula kommunestyre har handsama høringsnotatet til samhandlingsreforma og vedtar følgande uttale:

Sula kommunestyre er einige i utfordringsbiletet som ligg til grunn for samhandlingsreforma og positiv til dei gode intensjonane. Det synest rett å satse sterkare på førebygging og tiltak som underbygger sunn og aktiv livsførsel og dermed styrker folkehelsa.

Sula kommune er minsteinntektskommune og har hatt sterk vekst over mange år. KOSTRA-tal syner at kommunen driv rimeleg på alle vesentlege område. Alle ressursar går til å dekke innbyggerane sine behov for basistenster. Konsekvensberekningar syner at Sula kommune får betydeleg større kostnader med medfinansieringa enn det tilskotet som er varsla. Differansen mellom varsla tilskot for 2012 og berekna kostnad til medfinansiering og betaling for utskrivingsklare pasientar for 2010, tilseier eit tap på kr 868.320.

Sula kommunestyre kan derfor ikkje akseptere å måtte gå inn i samhandlingsreforma med svekka økonomisk grunnlag. Innstrammingar i drifta synast i so fall, ikkje til å unngå.

Ålesundsregionen har svært låg dekning av privatpraktiserande spesialistar. Sula kommune har derfor få andre alternativ enn å nytte spesialistane ved helseføretaka. Polikliniske tenester ved helseføretaka utløyser plikt til kommunal medfinansiering medan private avtalespesialistar ikkje utløyser kommunal medfinansiering.

Dette kan vere ein grunn til at Sula kommune, til liks med andre kommunar i vårt område, kjem økonomisk dårleg ut og ein fryktar at dette gir systematiske skeivfordelingar mellom kommunar.

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70199100
Telefaks:

E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
3910 32 90515
Skattekonto:
6345 06 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

Dette må utgreiast nærare og kommunal medfinansiering for ambulante tenester må derfor utsettast til dette er utgreidd.

Sula kommunestyre kan heller ikkje akseptere at betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar vert utløyst same dag, uansett tid på døgnet, som pasientar vert vurdert utskrivingsklare. Erfaring tilseier at dette er for knapp tid til naudsynt kommunikasjon og til å planlegge forsvarleg mottak. For å unngå kommunikasjonssvikt og farlege situasjonar bør det minimum vere ein varslingsfrist på 24t.

Sula kommunestyre vil òg understreke at det er svært viktig for kommunane å få enkel tilgang til grunnlagsdata for kontroll av økonomisk oppgjør. I samsvar med vanlege rekneskapsprinsipp, må kommunen få høve til å utføre naudsynt kontroll før utbetaling. Slikt grunnlag for økonomisk oppgjør må kunne etterprovast på person- og diagnosnivå.”

Med helsing

Kjetil Fylling
Kommunalsjef helse og sosial